



MØTEINNKALLING VALSTYRET

Møtedato: 01.06.2021
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
09/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
11/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2021.1	Orientering om utsendelse av SMS og brev med påminnelse om valget
12/2021	DRØFTINGSSAK - BEREDSKAPSPLAN FOR STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021
13/2021	ENDRING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING PÅ DALE
14/2021	STEMMEMOTTAKARAR UNDER FØREHANDSRØYSTEPERIODEN - STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021
15/2021	STEMMEMOTTAKARAR VED VALTING 13. SEPTEMBER

25. mai 2021

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/727

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/727

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 13.04.2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL

VALSTYRET

Møtedato: 13.04.2021
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: 10:00 - 11:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalsleiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2021	STORTINGS- OG SAMETINGSVALET- FASTSETJING AV VALDAG
05/2021	VALGJENNOMFØRING - DELEGERING AV FULLMAKT
06/2021	GJENNOMFØRING AV STORTINGS- OG SAMETINGSVALET
07/2021	TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING
08/2021	TID OG STAD FOR STEMMEGJEVING PÅ VALTING



01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Samrøystes godkjend.

VAL - sak 01/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Samrøystes godkjend.

VAL - sak 02/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Referatsakene vert tekne til orientering.

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Samrøystes teke til orientering.

VAL - sak 03/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

04/2021: STORTINGS- OG SAMETINGSVALET - FASTSETJING AV VALDAG

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Valstyret drøfta og stilte spørsmål knytt til å innføre valdag også søndag 12. september og tilrettelegging ved eit evt lokalt covid-19 smitteutbrot på valdagen.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen gav utfyllande informasjon.

Valstyret ønskjer ei vurdering frå kommunedirektøren til drøftingane ved neste møte i utvalet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

05/2021: VALGJENNOMFØRING - DELEGERING AV FULLMAKT

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Valstyret delegerer til kommunedirektøren å:

- informere veljarar om valordning og gjennomføring
- rekruttere valmedarbeidarar
- opplæring av valmedarbeidarar
- sette opp arbeidstider
- bestille utstyr og materiell
- rigge vallokale
- legge ut utleggingsmanntal
- avtale med parti som ønsker kopi av manntal
- avtale med parti som ønsker stemmesetlar
- lage rutinar for oppbevaring av valmateriell
- distribuere valmateriell til vallokale
- registrere/godkjenne stemmegjevingar i EVA
- legge inn oppteljingar i EVA
- evt andre saker av ikkje prinsipiell karakter

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Heidi Rongved, Ap, stilte spørsmål knytt til rekruttering av valmedarbeidarar.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen svaret at delegeringa ikkje omfattar val av røystestyret og valmedarbeidarar i vallokala.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - sak 05/2021 Vedtak/Tilråding:

Valstyret delegerer til kommunedirektøren å:

- informere veljarar om valordning og gjennomføring
 - rekruttere valmedarbeidarar
 - opplæring av valmedarbeidarar
 - sette opp arbeidstider
 - bestille utstyr og materiell
 - rigge vallokale
 - legge ut utleggingsmanntal
 - avtale med parti som ønsker kopi av manntal
 - avtale med parti som ønsker stemmesetlar
 - lage rutinar for oppbevaring av valmateriell
 - distribuere valmateriell til vallokale
 - registrere/godkjenne stemmegjevingar i EVA
 - legge inn oppteljingar i EVA
 - evt andre saker av ikkje prinsipiell karakter
-



06/2021: GJENNOMFØRING AV STORTINGS- OG SAMETINGSVALET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Utleggingsmanntalet vert lagt ut til offentlig ettersyn ved innbyggjarservice og hovudbiblioteket så snart det let seg gjere etter 30. juni 21 og fram til og med valdagen
2. Frist for partia som stiller liste ved valet til å bestille manntal vert sett til 1. juni.
3. Frist for ambulerande stemmegjeving vert sett til fredag 10. september.
4. Oppteljingsmåte i Vaksdal kommune vert lokalt fordelt på krets

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Boris Groth, Frp stilte spørsmål knytt til frist for ambulerande stemmegjeving og evt mottak mot av stemmer lørdag og søndag før valdagen.

Politsk sekretær Lin Tove Thomassen orienterte om mellombels lov ved 2021 valet og tilrettelegging for mottak av ambulerande ved lokalt smitteutbrot, med frist for å søke på valdagen kl. 10.00.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - sak 06/2021 Vedtak/Tilråding:

- Utleggingsmanntalet vert lagt ut til offentlig ettersyn ved Innbyggjarservice og hovudbiblioteket så snart det let seg gjere etter 30. juni 21 og fram til og med valdagen
- Frist for partia som stiller liste ved valet til å bestille manntal vert sett til 1. juni.
- Frist for ambulerande stemmegjeving vert sett til fredag 10. september.
- Oppteljingsmåte i Vaksdal kommune vert lokalt fordelt på krets

07/2021: TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandstemming slik:

Ved heradshuset, Dale:

Ved ordinære opningstider: kl 0800-1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag. Laurdag 4. september kl 1100-1500. Søndag 5. september 1600-1900. Opningstider siste veka før valdagen vert tysdag-torsdag kl 0800-1900, fredag kl 0800-1500.



Vaksdal kommune

Ved tilgjengelege lokaler:

Ein dag i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle i perioden mellom 1. og 10. september.

Ved institusjonar:

- Daletunet omsorgssenter tirsdag 07.09.
- Vaksdal sjukeheim onsdag 08.09.
- Dagsenter Sveabrekko torsdag 09.09.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare tidspunkta for førehandsrøystinga.

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Valstyret oppmoda om at tidene vart godt kommunisert og at tidspunkta ved Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle vert lagt til tider, t.d. pendlarar, der flest mogleg får høve til å stemmer.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - sak 07/2021 Vedtak/Tilråding:

Det vert lagt til rette for førehandstemming slik:

Ved heradshuset, Dale:

Ved ordinære opningstider: kl. 0800-1500 mandag-torsdag og kl. 0800-1400 fredag. Laurdag 4. september kl. 1100-1500. Søndag 5. september kl. 1600-1900. Opningstider siste veka før valdagen vert tysdag-torsdag k.l 0800-1900, fredag kl. 0800-1500.

Ved tilgjengelege lokaler:

Ein dag i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle i perioden mellom 1. og 10. september.

Ved institusjonar:

- Daletunet omsorgssenter tirsdag 07.09.
- Vaksdal sjukeheim onsdag 08.09.
- Dagsenter Sveabrekko torsdag 09.09.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare tidspunkta for førehandsrøystinga.



08/2021: TID OG STAD FOR STEMMEGJEVING PÅ VALTING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Røystetider og røystestader under valting ved Stortings- og sametingsvalet 2021:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale skule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Samfunnssalen Vaksdal	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800

Valstyret 13.04.2021

Behandling:

Amalie Johnsen Lunde. H, ønske utfyllande informasjon om vurderingar gjort til stengetid.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - sak 08/2021 Vedtak/Tilråding:

Røystetider og røystestader under valting ved Stortings- og sametingsvalet 2021:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale skule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Samfunnssalen Vaksdal	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800



FJERNMØTE

Møtet vart gjennomført som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og vedtak i kommunestyret, sak 65/2020.

SKRIFTLIG SPØRSMÅL

Erlend Hesjedal-Johannessen, H stilte eit skriftleg spørsmål knytt til oppretting av ekstra vallokale på valdagen. Spørsmål og svar er vedlagt protokollen.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/727

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
11/2021.1	Orientering om utsendelse av SMS og brev med påminnelse om valget

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Til valgstyrene og fylkesvalgstyrene,
ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

21/2654-3

5. mai 2021

Orientering om utsendelse av SMS og brev med påminnelse om valget

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) viser til at det i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019 ble sendt ut SMS med påminnelse om valget til alle velgere, og brev med informasjon om valget til stemmeberettigede med innvandrerbakgrunn.

Departementet har besluttet at det også i forbindelse med stortingsvalget i 2021 skal sendes ut SMS med påminnelse om valget. Meldingen vil sendes til alle stemmeberettigede som er registrert med mobilnummer i kontakt- og reservasjonsregisteret, og som ikke har reservert seg mot digital kommunikasjon fra det offentlige. I tillegg skal det sendes brev med informasjon og oppfordring om å benytte stemmeretten til stemmeberettigede med innvandrerbakgrunn som har blitt statsborgere i Norge i løpet av de siste åtte årene.

Valgdirektoratet har fått i oppdrag å gjennomføre utsendelsen av SMS og brev, og vil i samråd med departementet utarbeide det nærmere innholdet i utsendelsene. Ved eventuelle spørsmål om utsendelsene, ber vi om at dere kontakter Valgdirektoratet.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Øyvind Kind Robertsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Øyvind Kind
Robertsen
22 24 71 80

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Oslo kommune
Rogaland fylkeskommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Valgdirektoratet
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

DRØFTINGSSAK - BEREDSKAPSPLAN FOR STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021

Vedlegg:

BEREDSKAPSPLAN

Risikovurdering Stortingsval 2021 (version 1)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Valstyret er ansvarleg for at valet vert gjennomført etter gjeldande reglar. Alle som vil, skal få bruke stemmeretten sin og valet i 2021 skal gjennomførast på ein trygg og god måte uavhengig av pandemisituasjonen.

Valdirektoratet tilrår anna at det vert gjennomført ROS-analyser (Risiko- og sårbarheitsanalyser) i forkant av og under valg gjennomføringa.

Vedlagd finn de ROS-analyse for valg gjennomføringa. Dokumentet vert oppdatert etter kvart som hendingane vert vurdert og skal ikkje vedtakast av valstyret, men fungerer som eit grunnlag for å påsjå at risikoar er synleggjort, vurdert og handtert. På den måten kan ein redusere mengda med risikoar, men ein kan ikkje garantere at ein har tatt høgde for alle uføresette hendingar.

Under valstyret sitt møte 13. 04.21, sak 04/2021, fastsetjing av valdag, fekk kommunedirektøren eit oppdrag om å gjere ei vurdering knytt til søndagsval og evt lokal utbrot av Covid 19 på valdagen. Risikoen ligg i analysa som punkt R-31. Dersom vi har eit lokalt smitteutbrot, er det ikkje tilrådeleg å opprette eit ekstra vallokale søndag, men nytta søndagen og stemmemottakarar til ambulerande røysting for dei som er karantene/isolasjon. Samtidig vil ein arbeide aktivt for at flest mogleg nyttar høve til å førehandsstemme.

Dokumenta vedlagt vert lagt fram for valstyret for drøfting og innspel. Dokumenta er unntatte

offentlegheit med heimel i offentleglova § 24 – Unntak for kontroll- og reguleringstiltak, dokument om lovbrøt og opplysingar som kan lette gjennomføringa av lovbrøt m.m.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

ENDRING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valstyret sitt vedtak i møte 13.04.21, sak 07/2021 Førehandsstemming ved Heradshuset, Dale vert erstatta med følgjande:

I perioden 10. august til 10. september vert det lagt til rette for førehandsstemming ved Dale bibliotek, med desse opningstidene:

Dag	Tid
Måndagar	8.30-15.00
Tysdagar	10.00-16.00
Onsdagar	8.30-15.00
Torsdagar	10.00-18.00
Fredagar	8.30 – 15.00

I tillegg vert det halde ope for førehandsstemming laurdag 4. september kl. 11.00-15.00 og søndag 5. september 16.00-19.00.

Måndag til torsdag iste veka før valdagen vert det halde ope til kl. 19.00

Saksopplysningar:

Valstyret i Vaksdal vedtok 13.04.21 i [sak 07/2021](#) kommunedirektøren si tilråding om å gjennomføre førehandsstemming ved heradshuset, Dale. I april vedtok også Stortinget [reglar for korleis valet skal gjennomførast uavhengig av pandemisituasjonen](#). Det vart deretter gjennomført ei ROS-analyse av vallokalet mot Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin smittevernrettleiar. Lokalet vart vurdert som mindre eigna når ein skal ta omsyn til smitteverntiltaka. Dette gjaldt krav om avstand i lokalet, mål om at veljar skal gjennomføre veljarhandlinga på kortast mogleg tid, køordning og at inngang vert brukt til ei rekke kommunale

og statlege tenester.

Etter ei synfaring ved biblioteket på Dale, ser vi at det er mogleg å setje av eit større område i lokalet til førehandsstemming, med ulik inngang og utgang. Biblioteket er i same bygg som Dale skule og frå skulestart til 10. september vil det vere elevar ved skulen som oppheld seg ved tiltenkt inngang og utgang. Skulen har meldt tilbake at dette vil vere overkommeleg for denne perioden.

Biblioteket har ope for publikum tysdagar og torsdagar. Det vert lagt opp til at det er mogleg å stemme i denne tida. Frå 10. august til 10. september vert det lagt opp til førehandsstemming ved slik:

Dag	Tid
Måndagar	8.30-15.00
Tysdagar	10.00-16.00
Onsdagar	8.30-15.00
Torsdagar	10.00-18.00
Fredagar	8.30 – 15.00

I tillegg vert det halde ope for førehandsstemming laurdag 4. september kl. 11.00-15.00 og søndag 5. september 16.00-19.00.

Måndag til torsdag iste veka før valdagen vert det halde ope til kl. 19.00.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

STEMMEMOTTAKARAR UNDER FØREHANDSRØYSTEPERIODEN - STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Følgjande personar vert oppnemnd som stemmemottakarar under førehandsstemmeperioden:

Tove Bruvik Erdal
Elin Herfindal
Torill Risnes
Helga Rosten
Kjersti Flom Krogsrud
Siv Bente Hesjedal
Trili Hesjedal Langhelle
Magne Hestad
Solveig G. Solvi
Cherno Marjo Bah
Randi Solveig Pedersen
Mona Mekki
Lin Tove Thomassen
Jan Erik Kolaas
Ole Johnny Domben

Ved behov får kommunedirektøren fullmakt til å oppnemne fleire stemmemottakarar.

Saksopplysningar:

Det følgjer av vallova § 8-2 (1) bokstav a), at det er valstyret som oppnemner stemmemottakarar innanriks. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som det er naudsynt for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredsstillande måte. Ved all førehandsrøysting frå 10. august skal det vere minst to røystemottakarar til stades, jfr. vallova § 8-1 (5). Det vert gjort unntak

frå krav om to stemmemottakarar ved lokalt utbrot av covid-19, jfr. vallova §8-1 a

Kommunaldirektøren tilrår at tilsette ved stab, samt dei som arbeider i tilknytning til biblioteket vert oppnemnd som førehandsstemmemottakarar. Desse vil også gjennomføre ambulerande stemmegjeving under førehandstemmeperioden, samt ta imot stemmer på institusjonar.

Undervegs i prosessen fekk administrasjonen spørsmål om valstyret ser utfordringar med at politikarar som er aktive under valkampen for politiske parti bør unngå å vere førehandsrøystemottakarar. Vallova § 8-2 legg føringar om at kandidatar som er oppført på ei valliste ved stortingsvalet ikkje kan verte oppnemnd til stemmemottakar. Valhandboka spesifiserer at det berre er personar som sjølv stiller til val i det aktuelle valte og ikkje politikarar generelt som vert omfatta av dette.

Lowverket legg altså ingen hindringar. Kommunedirektøren ser ikkje trong for ei endring, men ber valstyret vurderer om dei ønskjer å legge terskel for å delta som stemmemottakar høgare. I lista under er det ein person oppført som stemmemottakar dette vil gjelde. Det kan også gjelde stemmemottakarar på valting.

Kommunedirektøren tilrår at følgjande vert oppnemnd som stemmemottakarar:

Tove Bruvik Erdal
Elin Herfindal
Torill Risnes
Helga Rosten
Kjersti Flom Krogsrud
Siv Bente Hesjedal
Trili Hesjedal Langhelle
Magne Hestad
Solveig G. Solvi
Cherno Marjo Bah
Randi Solveig Pedersen
Mona Mekki
Lin Tove Thomassen
Jan Erik Kolaas
Ole Johnny Domben



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2021	Valstyret	PS	01.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

STEMMEMOTTAKARAR VED VALTING 13. SEPTEMBER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Følgjande personar vert oppnemnd som stemmemottakarar under valting

Røystestyret Dale krins:

1. Asbjørg Hesjedal – leiar
2. Bente Jorunn Sundheim - nestleiar
3. Ragnvald Berge

Røystestyre Vaksdal krins:

1. Jill Bru Johansen – leiar
2. Ove Amundsen - nestleiar
3. Gunhild Boge

Røystestyre Eksingedalen krins:

1. Jahn Olav Nordheim – leiar
2. Rannveig Neset - nestleiar
3. Torleif Lode

Valmedarbeidarar i dei ulike krinsane:

Dale krins	Vaksdal krins	Eksingedalen krins
Svein Ove Hesjedal	Edith Pedersen Erstad	Lisbeth Gammersvik
Marie Brit Bjerke	Odd Arild Faugstad	Stig Nordheim

Birger Johannes Kvamme	Irving Sæterdal	Britt Kari Eide Vik
Dan Berge	Hanna Berge	Liv Edith Lavik
Per Småbrekke	Jarle Johnsen	
Georg Helge Dankertsen	Linda Ulveseth Fossmark	
Britt-Torun D Klever	Kjartan Dale	
Björg-Åse Nottveit Hop	Oliver Gravemoen	
Lisbeth Skorpen	Linda Lien	
Marit Hesjedal Thorkildsen	Siv Sæterdal	
Kåre Ulveseth		

Vara for røystestyrene er dei første oppførte under valmedarbeidarane. Valmedarbeidarane kan ved behov verte flytta til ein annan krins. Ved behov får kommunedirektøren fullmakt til å oppnemne fleire stemmemottakarar.

Saksopplysningar:

I kvart vallokale skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Røystestyret skal ha minst 3 medlemmer. Kommunestyret har delegert til valstyret å velje medlemmer samt leiar/nestleiar til røystestyra.

Reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld også for val av røystestyre. Også reglane om kjønnsrepresentasjon. For valet i 2021 er det gjort ei mellombels endring i vallova som opnar for at medlemmer i røystestyret ikkje treng å vere vere manntalsførte i kommunen. Dei valde kandidatane er heimehøyrande i kommunen, men det opnar for at ein kan nytte andre også i denne rolla.

Som ved førre val vert det føreslått å velje eit røystestyre på 3 medlemmer i kvar krins og eit tal valmedarbeidarar i tillegg. Dette har begrensa praktisk betydning. Røystestyret er ansvarlege for gjennomføringa av valet på valdagen, og vil i samråd med valansvarleg kale inn tal valmedarbeidarar det er trong for.

Kandidatar som er oppført på valliste ved stortingsvalet, kan ikkje oppnemnast til røystemottakar eller valfunksjonær i vallokala i kommunen.

Kommunedirektøren legg fram forslag om følgjande i røystestyre og som valmedarbeidarar:

Følgjande personar vert oppnemnd som stemmemottakarar under valting

Røystestyret Dale krins:

1. Asbjørg Hesjedal – leiar
2. Bente Jorunn Sundheim - nestleiar
3. Ragnvald Berge

Røystestyre Vaksdal krins:

1. Jill Bru Johansen – leiar
2. Ove Amundsen - nestleiar
3. Gunhild Boge

Røystestyre Eksingedalen krins:

1. Jahn Olav Nordheim – leiar
2. Rannveig Neset - nestleiar
3. Torleif Lode

Valmedarbeidarar i dei ulike krinsane:

Dale krins	Vaksdal krins	Eksingedalen krins
Svein Ove Hesjedal	Edith Pedersen Erstad	Lisbeth Gammersvik
Marie Brit Bjerke	Odd Arild Faugstad	Stig Nordheim
Birger Johannes Kvamme	Irving Sæterdal	Britt Kari Eide Vik
Dan Berge	Hanna Berge	Liv Edith Lavik
Per Småbrekke	Jarle Johnsen	
Georg Helge Dankertsen	Linda Ulveseth Fossmark	
Britt-Torun D Klever	Kjartan Dale	
Bjørge-Åse Nottveit Hop	Oliver Gravemoen	
Lisbeth Skorpen	Linda Lien	
Marit Hesjedal Thorkildsen	Siv Sæterdal	
Kåre Ulveseth		

Valmedarbeidarane kan ved behov verte flytta til ein annan krins. Kommunedirektøren får

fullmakt til å oppnemne fleire stemmemottakarar.